



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

**Miljøvernavdelinga**

**Forvaltingsplan for  
Surna naturreservat  
Delområde Purka, Sæterøya, Grimsmo og  
Ranesevja, Surnadal kommune**



*Oversiktsbildet på framsida viser Surna naturreservat i Surnadal kommune. Oppe frå venstre mot høgre ser vi delområda Grimsmo og Sæterøya. Nede ser vi delområda Ranesevja og Purka (foto: Øyvind Leren).*

**Tittel:**

FORVALTINGSPLAN FOR SURNA NATURRESERVAT

**Forfattarar:**

Maria Aastum og Jorunn Mittet Eriksen, miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Godkjenningsvedtak:**

Med medhald i forskrift av 27.05.1988 om freding av Surna naturreservat, Surnadal kommune, kapittel VII, har Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjent forvaltingsplanen.

**Referat:**

Surna naturreservat blei verna i 1988 som ein del av verneplan våtmark i Møre og Romsdal. Området er verna for å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv. For å ta vare på desse verdiane er det vedteke verneforskrift for området. Denne forvaltingsplanen skal utdjupe kva som er tillate og kva som er forbode etter forskrifta. Planen skal vidare kartlegge verneverdiane og brukarinteressene, samt definere bevaringsmål og tiltaksbehov.

Bevaringsmåla i forvaltingsplanen er fastsett med bakgrunn i området sin funksjon som viktig raste-, overvintrings- og hekkeområde for mange fugleartar, og viktige naturtypar knytt til våtmarksområda i området. Som ein følge av ulike faktorar har vassendinga i gamle elveløp og evjer endra seg drastisk dei siste åra, og viktige våtmarksområde står i fare for å gro att eller forsvinne. Vi har difor fastsett tiltak for å reetablere to av dei gamle elveløpa. I tillegg vil vi gjennom rydding og eventuelle beitetiltak hindre attgroing av våtmarksområda.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.

**Emneord:**

Naturvern, naturkvalitet, forvaltingsmål, bevaringsmål, skjøtsel, våtmark

ISBN (Nett-utgåve): 978-82-7430-263-1

ISSN: 1891-876X



Ulf Lucasen  
Fagsjef



Linda Aaram  
Konst. Direktør miljøvernavdelinga

# Innhold

1 INNLEIING .....	6
2 SKILDRING OG STATUS .....	7
2.1 Områdeskildring .....	7
2.2 Eigedomsforhold .....	8
2.3 Brukshistorie.....	8
2.4 Naturfaglege verdier .....	9
2.4.1. Vegetasjon.....	9
2.4.2. Fugle- og dyreliv .....	9
2.4.3. Truslar.....	10
2.5 Bevaringsmål .....	13
2.5.1 Fugleliv.....	13
2.5.2 Vegetasjon.....	13
3 BRUKARINTERESSER .....	21
3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser.....	21
3.2 Skjønnsforutsetningar .....	21
3.3 Jordbruk og skogbruk .....	21
3.4 Friluftsliv og jakt .....	24
3.5 Bygningar og tekniske inngrep .....	24
4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK .....	26
4.1 Oppsyn.....	26
4.2 Skjøtsel og restaurering.....	26
4.3 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar .....	27
4.4 Informasjon .....	28
5 SAKSHANDSAMING .....	29
5.1 Forvaltingsstyresmakt .....	29
5.2 Lovverk, føringar og forvaltning .....	29
5.2.1 Verneforskrifta .....	29
5.2.2 Naturmangfaldlova.....	29
5.2.3 Forholdet til anna lovverk .....	30
5.2.4 Utgreiing om unntaksreglane i verneforskrifta .....	31
5.2.5 Søknadspliktige aktivitetar og tiltak .....	32
5.2.6 Skjøtsel .....	32
5.2.7 Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta .....	32

5.2.8 Retningsliner for sakshandsaming.....	33
6 FORVALTINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT .....	34
7 REFERANSAR.....	35
Publikasjonar .....	35
Nettstader .....	35
Vedlegg 1 – Verneforskrifta.....	36
Vedlegg 2 – Naturmangfaldlova .....	39
Vedlegg 3- Fugleartar registrert i Surna naturreservat og status på raudlista (henta frå artskart på artsdatbanken) .....	41
Vedlegg 4 – Tabell over planlagde tiltak i Surna naturreservat .....	42
Vedlegg 5: Søknadsskjema .....	45
Vedlegg 6: Sakshandsaming av forvaltingsplanen for Surna naturreservat.....	47

## 1 INNLEIING

Surna naturreservat i Surnadal kommune (figur 1 og 2) vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Føremålet med fredinga er «å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv». Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltingsstyresmakt for Surna naturreservat.

Det faglege grunnlaget for vernet er «Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke» frå 1982 med forarbeida til denne.

Dei fire delområda Purka, Sæterøya, Grimsmoen og Ranesevja utgjer til saman Surna naturreservat. Purka er utløpet av elva Surna, medan dei tre andre områda er gamle elveleie og evjer lenger opp i elva. Lokalitetane ligg alle innafor eller nært sentrumsområdet Skei i Surnadal.

I dei fire delområda er det registrert fleire artar ender, vade- og måsefuglar. Omlag halvparten av artane er hekkande. Naturreservatet er òg eit viktig raste- og overvintringsområde for våtmarksfugl. I tilgrensande område rundt reservatet er det dyrelivsfreding.



Figur 1: Surna naturreservat, delområde Ranesevja (foto: Øyvind Leren)

I verneforskrifta står kva som er forbode og opna for innafor verneområdet (vedlegg 1). Forvaltingsplanen kan ikkje utforme retningsliner som går ut over et det som er heimla i verneforskrifta.


Forvaltingsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Plana skal sikre ei einsarta forvalting av verneområdet ved å gi konkrete retningsliner for bruk, informasjon, skjøtsel og sakshandsaming. Planen skal gi ei skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser i området, og med bakgrunn i denne informasjonen

definere bevaringsmål. Vidare skal planen skildre naudsynte eller ønskja skjøtselstiltak, samt synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsstyresmakt. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningslinjer for forvaltninga av området.

## 2 SKILDRING OG STATUS

### 2.1 Områdeskildring

Surna naturreservat ligg i nedre del av elva Surna i Surnadal. Reservatet består av fire delområde. Det totale arealet er på om lag 950 dekar.



Figur 2: Surna naturreservat består av fire delområde (markert med grønt) rangert frå vest til aust: Purka, Sæterøya, Grimsmo og Ranesevja. Reservatet ligg innafor eit område med dyrelivsfredning (markert med gult).

Delområda av naturreservatet ligg i den nedre, tidevasspåverka delen av elva Surna, med store sand- og grusavsetningar og breie tidevassleirer og store strandenger langs sjøen. Hovudløpet av Surna er i

nedre del breidt, stiltflytande og noko svingete. Her finn vi grus- og sandbankar, fleire låge øyer og øyrer. Langs elvekantane veks det ein del gråorskog og lauvkratt, men det er òg strekningar med dyrkamark heilt ned til elvekanten. I bakevjene er det fuktige sumpmarksparti, og nær utløpet finn vi restar etter fleire gamle elvesvingar (meandrar) og sideløp som er delvis avsnørte. Her er det rikeleg med vegetasjon og stor næringsproduksjon. Områda rundt er store flate jordbruksareal. Særleg ved bygdesenteret Skei er areala meir tettbygd.

Heile 72,8 % av det totale arealet av naturreservatet er vatn. Vidare er 13,1 % «anna jorddekt fastmark», 10,2 % lauvskog, 3,1 % ldyrka mark, 0,4 % innmarksbeite, 0,3 % barskog og 0,2 % er opparbeidd areal.

Delområda av naturreservatet er omkransa av eit område med dyrelivsfreding (sjå figur 2). Dette området er om lag 7 700 dekar stort og omfattar nedre del av Surna, mykje dyrka mark, næringsareal, bustader og sentrumsområde i tillegg til noko trafikkareal. I dyrelivsfredingsområdet er alle fugle- og pattedyrartar freda mot jakt og fangst i tillegg til all form for skade og øydelegging. Jakt på hjortedyr og villmink i samsvar med viltlova med forskrifter er derimot lov. Fylkesmannen kan gi løyve til kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike artar eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar.

## 2.2 Eigedomsforhold

I verneforskrifta er følgjande eigedommar lista opp innafor dei fire delområda av Surna naturreservat:

Purka: gnr/bnr. 51/1, 2; 68/24, 39, 53, 54.

Sæterøya: gnr/bnr. 49/1, 3, 5, 6, 7, 13, 14, 24, 29, 30, 41; 50/1, 7; 62/6; 63/2; 64/1, 2; 68/1, 3, 4, 6, 8, 13, 23, 37.

Grimsmo: gnr/bnr. 36/1; 48/1, 2.

Ranesevja: gnr/bnr. 33/5, 6, 7; 35/1, 2, 4.

Vi tek atterhald om at det kan vere feil i eigedomskartet som vi har lagt til grunn. Den vedtekne vernegrensa er merka i terrenget etter kart som følgde vernevedtaket i 1988. Det er behov for grensejustering av reservatet i nokre område. Denne prosessen vil snarleg bli sett i gong. Sjå elles høyringsuttale frå Surnadal idrettslag i vedlegg 6.

## 2.3 Brukshistorie

Grunneigarar har halde området i hevd i mange år. Tradisjonelt har strandenger generelt blitt utnytta til husdyrbeite, mest for storfe og hest, men også for sau. Slått har òg vore vanleg. I dag er det ikkje beite innafor vernegrensa. Tidlegare var det vanleg med grustekt både i deltaområdet Purka og enkelte stader i oppover i elva. Det er ikkje lenger høve til å ta ut grus.



## 2.4 Naturfaglege verdiar

### 2.4.1. Vegetasjon

Delområde Purka er eit brakkvassdelta med artsrik strandvegetasjon. Her er dei sjeldne artane trådtjønnaks, småtjønnaks og fjellflokk registrert. Den norske ansvarsarten fjordskjørbuksurt (*Cochlearia officinalis* ssp. *Norvegicus*) er også funne her. Dei tre andre delområda, Sæterøya, Grimsmoen og Ranesevja er alle klassifiserte som naturtypen «Kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti» med verdi «Svært viktig». Delområdet Sæterøya består av eit nesten avstengt, gammalt elveleie ("Gammalelva") nær utløpet av Surna. Sæterøya og Ranesevja har karakteristiske vegetasjons-soneringar som viser suksesjonen ved attgroing av kroksjøar. Grimsmoen har òg karakteristisk kroksjøvegetasjon, men er i relativt seint attgroingsstadium.



Figur 3: Sæterøya består av eit nesten avstengt, gammalt elveleie ("Gammalelva"). Foto: Fylkesmannen.

Attgroingsprosessen blir påskunda av næringsrikt sig frå tilgrensande dyrkamark, regulering av vassføringa og opphør av bruk som slåtte- og beitemark. Kantskogen er gråor-heggeskog i desse tre områda.



Figur 4: Delområde Purka med artsrik strandvegetasjon (foto: Fylkesmannen).

### 2.4.2. Fugle- og dyreliv

Surna naturreservat er verna som våtmarksreservat på grunn av sitt rike fugleliv. Alle delområda er viktige raste- og overvintringsområde for våtmarksfugl. Områda er også viktige som hekkelokalitetar. Det er ei oppfatning at talet på fuglar har gått ned dei siste åra i alle delområda. Talet på fugl har sannsynlegvis gått ned sidan vernetidspunktet, då det er nedgang i talet på fleire ulike fugleartar i heile landet. Sjølv om årsakene til dette kan vere samansette, meiner i alle fall mange som er busette i området og som følgjer fugleliv og naturen sin gong året gjennom, at predasjon på egg og ungar frå blant anna raudrev og kråkefugl må vere ein faktor å rekne med. I Noreg opplever vi også stort press på våtmarksområda til dømes i form av vasstandsregulering, oppdyrking, nedbygging, forureining og forsuring. Mange av artane som er knytt til våtmark, som fisk, våtmarksfugl og amfibiar, har hatt ein markert nedgang i takt med at leveområda deira anten har vorte borte eller er mindre eigna enn før.



Figur 5: Sandlo Foto: Asbjørn Børset

Trass i nedgangen har det i dei seinare åra vore observert mange ulike fugleartar i Surna naturreservat. Purka er yngleområde for sandlo, og det er observert fleire andefuglar i området i tillegg til dei raudlista artane makrellterne (sårbar), fiskemåse (sårbar), hettemåse (nær trua) og strandsnipe (nær trua). Sæterøya er fortsatt eit viktig beiteområde for ulike artar ender og det er i dei par siste åra observert fleire raudlista artar som storspove (nær trua), strandsnipe, storlom (nær trua), hettemåse, fiskemåse, vipe (nær trua), skeiand, varslar (nær trua), vaktel (nær trua), sanglerke (sårbar), sivhauk (sårbar), stær (nær trua), bergirisk (nær trua) og snadderand (nær trua) her.

Lenger opp i elva, i delområdet Grimsmo, er det også gjort nye fugleregistreringar som tyder på eit fortsatt relativt rikt fugleliv. Her er det observert mellom anna enkeltbekkasin, varslar, knoppsvane, songsvane i tillegg til ulike songarar, trostar, finkar og meiser. I følgje artsobservasjonar frå Ranesevja er kvinand, laksand, songsvane, storkand vanlege i området. Jernsporv, sivsporv, gulsporv, munk og bokfink, løvsonger og gransonger er andre registreringar gjort her.

### 2.4.3. Truslar

#### Purka

Langs innergrensa for dette delområdet gror det til med lauvkratt. Det er særleg gråor, rogn og selje som kjem opp. I tillegg er artar som rynkerose og lupin ein stor trussel mot verneverdiane. Det må vere eit mål å bli kvitt desse to artane. Nokre grantre som stod nedanfor idrettsplassen er fjerna. På sjølve Purkholmen er det tilløp til gjengroing med både rynkerose og lupin. Forsøpling er ein annan trussel mot verneverdiane. Det kjem ein del søppel inn frå fjorden, og det bør gjennomførast ryddeaksjonar med jamne mellomrom. Nedanfor idrettsplassen i Purka har det opp i gjennom tida vorte dumpa noko søppel. Det har vore fjerne ein god del, men det er fortsatt restar igjen. Det er også noko avfall på Purkholmen som til dels er køyrd ut dit frå land. Det skal prioriterast høgt å rydde vekk søppelet.

Purka har vorte eit populært område for lufting av hundar. Det er forbod mot å sleppe hundar lause i reservatet, men mange gjer det likevel, også i hekketida.

Eit nedlagt avfallsdeponi ligg på Syltøran, og grenser til den nordaustre delen av Purka. Deponiet vart etablert av Surnadal kommune i 1969, og nedlagt i 2001. Sigevatn frå deponiet blir overvaka av Surnadal kommune og sender årleg rapport til fylkesmannen.

### Sæterøya

Gammelelva i delområde Sæterøya er fleire stader i ferd med å gro heilt att. Attgroing er ein naturleg prosess i slike gamle elveleier, men her er fleire menneskeskapte faktorar med og framskundar prosessen. Tilsig frå åker og mark er med og set fart i attgroinga. Dei menneskeskapte endringane som kanskje har hatt størst effekt på Gammelelva er at fleire bruer har vorte erstatta med fyllingar med røyr gjennom. Tidlegare gjekk floa opp til om lag midt på Gammelelva, det høgste punktet, og så rann vatnet ut att på begge sider. På grunn av dei så godt som tette fyllingane kjem ikkje vatnet lengst opp i Gammelelva lenger, og det gror fort til med vegetasjon.

Fleire av grunneigarane har eit ønske om å reinske opp Gammelelva og gjere ho djupare. På grunn av attgroing og endra massetransport i hovudelva blir Gammelelva stadig grunnare. Også i sør der Gammelelva møter hovudelva blir det grunnare.



**Figur 6: Delområde Sæterøya: Vatnet stoppar opp fleire stader i Gammelelva og attgroinga går då fort. Foto: Fylkesmannen**

Lengst sør i Gammelelva har fyllinga som erstatta brua vorte nytta som søppelfylling, og her ligg det ymse avfall frå fleire år tilbake, mellom anna gamle kvitevarer. Ved sidan av denne fyllinga står ein liten granskog, som bør fjernast for å opne opp landskapet.

Ei kraftline går over heile Sæterøya, og kryssar dermed naturreservatet på to stader. Kraftlina kan vere ein trussel for fuglane.


Aust i Gammelelva har Smedbekken utløp. Denne bekken renn forbi eit mørtelverk som til tider har vaska sementbilane sine nært bekken, slik at vatn med sement og anna har runne ut i bekken og vidare ut i Gammelelva. Det bør regelmessig bli teke prøver av vasskvaliteten både i Smedbakken og Gammelelva for å overvake tilstanden.

Langsmed stort sett heile Gammelelva finn vi førekomstar av hagelupin. Lupin spreier seg raskt og fortrengjer anna vegetasjon, og det er derfor eit mål å fjerne lupin i heile verneområdet. Den framande arten kjempespringfrø er også registrert på Sæterøya.

## Grimsmo

Lengst aust i delområdet er det eit gammalt delvis avsnørt elveleie som er i ferd med å gro att. Dette er i utgangspunktet ein naturleg prosess, men prosessen går fortare som følgje av mellom anna tilsig av næringsrikt vatn frå jordbruket og mindre utskifting av vatn enn tidlegare. Den nordaustlege delen av elveleiet er avstengt av ein landbruksveg slik at det her ikkje kan skje særleg utskifting av vatnet lenger. Dette er sannsynlegvis med på å framskynde attgroingsprosessen. Det er lagt eit røyr under vegen, men mykje tyder på at dette ikkje gir nok vassutskifting innover i det gamle elveleiet. Tidlegare rann det ut ein bekk inst i elveleiet. No er denne bekken lagt i røyr og vatnet blir ført ut i hovudelva. På 70 – 80-talet vart marka mellom hovudelva og evja fylt opp slik at vatn frå elva ikkje lenger renn innpå ved flaum eller stor flo. Attgroinga av evja vil nok gå fortare når det er mindre vatn her samtidig som vatnet ikkje blir skifta ut i like stor grad som før.

Bekken som renn inn i Grimsmo delområde er lagt i røyr under fylkesvegen på sørsida av kjøpesenteret. Mykje er endra oppstrøms verneområdet dei seinare åra. Det er no bygd bustader og tilkomstvegar, noko som er med å endre marka si evne til å ta opp vatn. Nydyrking oppi lia kan ha påverka innhaldet av jord og silt i vatnet som kjem ut i bekken. I dei seinaste åra har det vorte frakta mykje finpartiklar inn i Grimsmo delområde, og det er lagt opp mykje sand og silt inne i verneområdet. Bekken har i tillegg tatt fleire nye løp, og det opphavlege bekkeløpet fører lite vatn i dag.



Figur 7: Det gamle elveleiet i Grimsmo er avstengt av ein landbruksveg. Kartet til venstre, frå vernetidspunktet, viser at heile det gamle elveleiet hang saman og var koplea til hovudelva. Kartet til høgre, dagens situasjon, viser at den inste delen av det gamle elveleiet er heilt avsnørt.

Det er òg framande artar i Grimsmo. Langsetter bekken vest for kjøpesenteret er det relativt mykje småtre av platanlønn. Platanlønna spreier seg raskt, og det må derfor prioriterast høgt å fjerne denne.

Grimsmo grensar inn til parkeringsplassen nedanfor kjøpesenteret. Her blir det brøyta snø om vinteren, og snøen og det som måtte bli med, blir skyfla utfor skrenten og inn i reservatet. Her ligg det derfor en del sand i tillegg til rusk og rask.

## Ranesevja

Det er dumpa mykje søppel frå veglomma og ned langs skogkanten i reservatet. Dette har blitt gjort over lang tid og det har samla seg opp store mengder. Søppelet skal fjernast, og i tillegg bør det settast opp eit skilt om «dumping av søppel forbode». Det må søkjast om løyve hos Statens vegvesen

før oppsetting av skilt ved fylkesvegen. Ei kraftline kryssar delområdet i vest og kan vere ein trussel for fuglar. I tillegg er attgroing er ein trussel for dette området også, spesielt på flommarka.

## 2.5 Bevaringsmål

Formålet med å verne Surna naturreservat er i følgje verneforskrifta å «*ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv*». Særleg viktig vil det vere å ta vare på fredingsområdet sin verdi for våtmarksfuglar til alle årstider. Dette gjeld både for landarealet og vassarealet, og vil best løysast ved å hindre tap av dei ulike natur- eller vegetasjonstypene.

### 2.5.1 Fugleliv

Områdets funksjon for hekkande, trekkjande og overvintrande fugl er dokumentert i fugleregistreringar gjennom fleire år (sjå kap. 2.4.2). Det manglar systematiske undersøkingar over tid, men NOF er aktive i området og har lagt mange funn inn i artsobservasjonar. Området har fortsatt stor verdi som beiteområde, og særleg for ulike vadefuglar og ender.

Vi har ikkje utarbeida bevaringsmål som går på spesifikke fugleartar, men heller fokusert på habitat vi ser på som viktige for fuglane. Vi vil oppretthalde og reetablere desse områda. Eitt av bevaringsmåla vi har fastsatt er å oppretthalde arealet med strandeng i delområdet Purka, samt område med flommark på Sæterøya, Ranesevja og Grimsmo. Vidare skal vi gjennomføre ei kartlegging, samt utreie kva for tiltak som skal til for å reetablere vassføringa slik at vatnet fritt kan strøkke til øvste høgde i Gammelelva på Sæterøya. På Grimsmo vil vi gjeninnføre vasstilførsel frå bekken som er lagt i røyr ut til hovudelva, og opne utløpet slik at det igjen vil bli flyt i det no avstengte elveleiet. Alle bevaringsmåla er lista opp i tabell 1. Om bevaringsmåla blir nådd skal kontrollerast ved registrering og overvaking av området.



Figur 8: Kvinand (til venstre) og strandsnipe (til høgre) er artar som fleire gonger er registrert i Surna naturreservat (foto: Asbjørn Børset).

### 2.5.2 Vegetasjon

Vegetasjon og planteliv er også nemnt spesifikt i verneforskriftene. Dette er nærare skildra i kapittel 2.4.2. De viktigaste naturkvalitetane er knytt til strandengene på Purka og i våtmarksområda på Sæterøya, Ranesevja og Grimsmo.

Vi har fastsett bevaringsmål for desse områda ved å overvake areal av naturtypene (sjå tabell 3).

Figur 9: Store areal med strandenger på delområdet Purka i Surna naturreservat (foto Asbjørn Børset)



For å unngå attgroing i reservatet vil vi utføre rydding/hogst og/eller innføre beitetiltak i tillegg til å åpne opp gamle elveløp og evjer.

Langsetter evjene er det mykje frodig kantvegetasjon, og det er viktig å bevare ei naturleg kantsone mot dyrkamarka. Vegetasjonen mellom dyrkamark og evjene fangar opp jordpartiklar, næringsstoff og plantevernmidlar, og trea stabiliserer og forsterkar kanten ut mot vassdraget og reduserer faren for utrasing. Frodige kantsonar mot vassdrag er viktige leveområde for mange dyr og fuglar, og samanhengande kantsoner har verdi som ferdselsvei og skjul for mange artar.

Vidare vil tre og buskar tilføre vassdraget planterestar som er mat for insekt, fisk og krepsdyr. Desse er igjen mat for mellom anna fuglar. Tre og buskar langsmed evjekantane reduserer lysmengde og dermed også algevekst. Trær og buskar skaper skjul for fisk. Skugge er viktig for vassstemperaturen. Til dømes døyr auren viss vassstemperaturen blir høgare enn 25°C.

#### **Naturkvalitet**

*Naturkvalitet definerast som naturtypar, artar, geologi og landskap som skal takast vare på i eit verneområde.*

#### **Bevaringsmål**

*Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha, Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan til dømes presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte artar.*

#### **Tilstandsklasse**


*Tilstandsklasse er ein inndeling i god, middels eller dårleg. Dette fortel oss kvar for tilstand naturkvaliteten er i.*

Tabell 1: Bevaringsmål for Surna naturreservat


Delområde	Mål nr	Naturkvalitet	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Tilstandsklasse	Overvaking og gjennomføring	Tiltak
Purka	1	Strandeng og strandsump (G05)	Grad av attgroing	Hindre attgroing på areal strandeng vist i figur 8	God (middels)	FM/SNO/grunneigarar/lokale organisasjonar	Rydding av tilvekst Beite
	2	Strandeng og strandsump (G05)	Førekost av framande artar	Det skal ikkje vere framande artar i delområdet	Middels	FM/SNO	Fjerne rynkerose og lupin, samt nye etableringar av framande artar
	3	Strandeng og strandsump (G05)	Grad av søppel	Halde areal med strandeng vist i figur 8 fri for søppel	God (middels)	FM/SNO/lokale organisasjonar	Plukke søppel Fjerne betongrestar
	4	Brakkvassdelta (G07)	Inngrep i deltaet	Oppretthalde areal med brakkvassdelta vist i figur 8	God	FM	Hindre nye inngrep i deltaet
Sæterøya	5	Gammalt elveløp	Om det er fri gjennomstrømming for flo og flomvatnet gjennom heile det gamle elveløpet	Halde elveløpet open og attraktivt som rasteområde for fugl (sjå figur 9)	Dårleg	FM/Surnadal kommune/ekstern konsulent/entreprenør/NVE	Konsekvensutgreiing Gjenopprette elveløpet etter ein plan utarbeidd av entreprenør
	6	Gammalt elveløp	Vasskvalitet; biologisk og kjemisk	Vatnet i elveløpet skal ha minst tilstandsklasse god	Dårleg	FM/Eksterne konsulentar	Regelmessige prøver av Smedbekken (pH) Biologiske og kjemiske prøver av Gammelelva

	Mål nr	Naturkvalitet	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Tilstandsklasse	Overvaking og gjennomføring	Tiltak
	7	Våtmarkssystem Flommark	Grad av attgroing	Oppretthalde areal med flommark vist i figur 9	Middels (dårleg)	FM/grunneigarar/SNO	Rydding tilvekst og/eller beite
	8	Stadeige biologisk mangfald	Førekost av framande artar	Framande artar skal ikkje førekome	Middels	FM/SNO/grunneigarar	Hogst av granskog Fjerne etableringar av framande artar
Ranesevja	9	Våtmarkssystem Flommark	Grad av attgroing	Oppretthalde areal med flommark vist i figur 10	God (middels)	FM/SNO/grunneigarar	Rydding av tilvekst
	10	Bekkeløp	Samanhengande dekning av kantskog langs bekken	Ta vare på kantskogen langs bekkeløpet	God	FM/SNO/grunneigarar	Naturleg tilvekst av skogen på sørsida Tillate tynning og ungskog på sørsida mot dyrka mark
Grimsmo	11	Gammalt elveleie		Sikre vasstilførsel og utløp til evja vist i figur 11	Dårleg	FM/NVE/ekstern konsulent og entreprenør	Konsekvensutreiing Gjenopprette vasstilførsel og utløp etter plan utarbeidd av entreprenør
	12	Våtmarkssystem Flommark	Grad av attgroing	Oppretthalde areal med flommark vist i figur 11	Middels	FM/SNO/grunneigarar	Rydding av tilvekst
	13	Stadeige biologisk mangfald	Førekost av framande artar	Framande artar skal ikkje førekome	Middels	FM/SNO/grunneigarar	Fjerne platanlønn Fjerne etableringar av framande artar







Figur 8: Bevaringsmål for Surna naturreservat - delområde Purka



Figur 9: Bevaringsmål Surna naturreservat - delområde Sæterøya



Figur 10: Bevaringsmål Surna naturreservat-delområde Grimsmo



Figur 11: Bevaringsmål for Surna naturreservat – delområde Ranesevja

## 3 BRUKARINTERESSER

Surna naturreservat ligg i eit aktivt utnytta kulturlandskap prega av langvarig bruk. Forvaltninga av området må vere i samsvar med verneformålet og innafør rammene til verneforskrifta. Det er likevel fortsatt ønskjeleg å ta omsyn til brukarinteressene så langt det lar seg gjere.

### 3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlaget for kva aktivitetar som er tillatne i Surna naturreservat med tilgrensande dyrelivsfreding (vedlegg 1). I dette kapittelet vil forskrifta bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene.

Forskrifta for Surna naturreservat er bygd opp som følger:

**Kap. III:** Nemner formålet med vernet

**Kap. IV:** Lister opp kva for aktivitetar som ikkje er lov innafør vernegrensa.

**Kap. V:** Nemner aktivitetar som er unntatt frå forboda i kap. IV, det vil seie tillate utan søknad.

**Kap. VI:** Listar opp kva for aktivitetar og tiltak som det kan bli gjeve løyve til etter søknad til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Aktivitetar som er nemnt i kap. IV, men ikkje som unntak i kap. V eller som ein søknadspliktig aktivitet i VI, er i utgangspunktet forbode.

Fylkesmannen kan likevel, etter søknad gi dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle etter § 48 i naturmangfaldloven (sjå kap. 5.2.7).

### 3.2 Skjønnsforutsetningar

Under erstatningssaka vart det vedteke spesielle skjønnsforutsetnader for nokre eigedomar: Eigedomane gnr. 48 bnr. 2 og gnr. 33 bnr. 2 og 5 vart gjeve dispensasjon frå fredingsføresegnene slik at grunneigar kan fjerne vegetasjon/tre i reservatet som er til hinder for drift av omkringliggende jordbruksareal med traktor og naudsynt utstyr.

### 3.3 Jordbruk og skogbruk

#### *Status*

Av det totale arealet til Surna naturreservat er 10,2 % lauvskog, 3,1 % dyrka mark, 0,4 % innmarksbeite og 0,3 % barskog. Det er i delområda Sæterøya, Grimsmo og Ranesevja at vernegrensa går inn på dyrkamark på nokre eigedomsmark.

Før vernet vart oppretta vart kantskogen hogge med jamne mellomrom. Alt vart som oftast hogge samtidig, og trea fekk så vekse opp att. Mange av grunneigarane som driv jorda inntil delområda Sæterøya, Grimsmo og Ranesevja reservatet ønskjer å fortsette denne praksisen.

Tradisjonelt har strandenger blitt utnytta til husdyrbeite, mest for storfe og hest, men også for sau. Slått har òg vore vanleg. I dag er det ikkje beiteaktivitet innafør vernegrensa.

Grunneigarane opplever store konflikhtar knytt til grågås på beite på innmark. Nedre Surnadal har store landbruksareal hovudsakelig med grasproduksjon som gir godt beite for gås, og flokkane et opp og gjer stor skade på grasavlingane før dei er hausta ferdig.

## Rammer og regelverk

I følge verneforskrifta er all vegetasjon i vatn og på land verna mot all form for skade og øydelegging.

Unntak frå verneforskrifta er slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i eller inntil det freda området. Oppføring av gjerde må det søkjast om. Fylkesmannen kan bidra med finansiering av gjerde om det fremjar verneverdiane. Vedlikehald av grøfteutløp er også lov, men forvaltingsstyresmakta skal varslast på førehand. Eit slikt tiltak skal tilpassast hekkesesong og vegetasjonsutviklinga i kanalane.

Motorferdsel til lands til næringsføremål er lov. Dette inneber køyring med landbrukstraktor og – reiskapar, så lenge køyringa er knytt til næring. I dette ligg blant anna transport av gjødselsvarer, avling, dyr og andre driftsmidlar. Det omfattar ikkje motorferdsel i samband med inngrep som treng løyve, som graving av nye grøfter og oppføring av gjerde. Løyve til slik motorferdsel blir eventuelt gitt saman med løyve til tiltaket, så fremt det blir søkt om dette.

Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Her vil effektane på verneverdiane bli vurdert opp mot brukarinteressene ved handsaming av søknaden. Verneverdiane blir tillagt stor vekt.

Reservatet ligg innafor Surna dyrelivsfredingsområde, der ordinær jakt er forbode. Dette hindrar grunneigarane i å felle skadegjerande gås som beiter på innmarka i store flokkar. Det er ingen unntak i verneforskrifta som opnar for uttak av skadegjerande gås, eller gir heimel til forvaltingsstyresmaktene til å gi løyve til dette. Forvaltingsmyndigheita kan gjøre unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir i mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, jf. naturmangfaldlova (NML) § 48. Det vart i 2013 gitt eit treårig løyve til å felle 30 gås kombinert med å avfyre skremmeskot, innafor eit større område innafor dyrelivsfredingsområdet. Fylkesmannen har sett i gang ein prosess for å endre forskrifta på dette punktet slik at reglane for jakt og fangst i dyrelivsfredingsområdet blir forenkla. Denne prosessen er enno ikkje i mål, og ettersom det krev ei endring av forskrifta vil det ta tid.

Fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismar for jordbruket og giftplantar, samt kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket er søknadspliktig. Søknadsskjema for tynning/høgdereduksjon av skog og kratt ligg som vedlegg 5. Skjemaet vil også bli lagt ut på fylkesmannen si heimeside etter godkjenning av forvaltingsplanen. Det kan også søkjast ved å skrive ein enkel e-post eller brev til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Tiltaket skal også her merkast av på kart og ligge som vedlegg til søknaden.

Sjå elles boks for retningsliner for skjøtsel av kantskog i delområda Sæterøya, Grimsmo og Ranesevja (s.23).

Når det gjeld verksemd utanfor verneområdet som kan få verknad innanfor vernegrensa, skal det takast omsyn til verneverdiane. Dette gjeld for tiltak som krev løyve etter anna lovverk, som til dømes plan- og bygningsloven eller forureiningsloven. Det same gjeld for tiltak som ikkje krev løyve, til dømes plassering av rundballar nært vernegrensa eller nært vatn som renn inn i verneområdet, jf. naturmangfaldloven §§ 6 og 49.

### Skjøtsel av kantskog

Generelt for reservatet

- Landbruksareal skal ha ei naturleg kantsone på  $\leq 2$  meter mot alt vatn
- Langs alle vassdrag skal vi ta vare på det naturlege vegetasjonsbeltet, jf. § 11 i vassressurslova.
- All skjøtsel i reservatet er søknadspliktig (sjå søknadsskjema i vedlegg 5)

Det gamle elveløpet på Sæterøya

- Tre og vegetasjon i kantskogen som er til ulempe for jordbruket kan normalt fjernast
- Kantskogen skal helst vere fleirsjikta, og bestå av både gras, urter, busker og tre

Langs bekkeløpet på Ranesevja

- Kantskogen på nordsida mot dyrka mark kan tynnast og bestå av ungtre
- Kantskogen så vel som skogen på sørsida av bekken mot vegen kan gro naturleg til
- Kvist og avfall kan samlast i haugar og leggast att på staden

Langs den avstengde evja på Grimsmo

- Det kan tynnast på nordsida av det avstengde elveleiet. Første gong det hoggast kan unge spirar og nokre få tre stå att.
- Ved neste og i framtidige hogstar/tyningar skal kantskogen vere mest mogleg fleirsjikta, og bestå av både gras, urter, buskar og tre på maksimum 5 meter
- Kvist og avfall må leggast så langt unna evja at det ikkje blir liggande i vatnet

### *Retningslinjer for jordbruk og skogbruk*

- Eksisterande dyrkamark kan drivast på konvensjonell måte med pløying og anna bearbeiding av jord, gjødsling, plantevernmiddelbruk og slått.
- Beiting utan for mykje slitasje på vegetasjon og jordsmonn er ønskeleg.
- Eksisterande grøfteutløp kan vedlikehaldast
- Motorferdsel i jordbruksnæring er lov
- Oppsetting av gjerder kan skje etter søknad, til dømes inngjerding av beiteareal
- Jordbruksvegar kan vedlikehaldast
- Tre og vegetasjon som er til ulempe for jordbruket kan normalt fjernast, men er søknadspliktig

## 3.4 Friluftsliv og jakt

### Status

Området er til ein viss grad brukt til friluftsliv. Purka er blant anna brukt av ornitologar som observerer fugl i og utanfor reservatet. Det går fleire små gardsvegar og landbruksvegar både gjennom og langsmed reservatet. Desse er brukt av turgåarar og til hesteriding. Ein turveg på begge sider av Surna er under planlegging (sjå kapittel 3.6).

### Rammer og regelverk

I reservatet er all vegetasjon i vatn og på land freda mot all form for skade og øydelegging. I tillegg er alt vilt, medrekna hi, reir og egg freda mot all form for skade, øydelegging og unødvendig uro. Unntak frå forbodet er sanking av bær og matsopp, samt fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid. Jakt på villmink og hjortedyr og dertil bruk av hund i samband med jakt, i samsvar med viltlova med forskrifter er også lov. Alle andre artar som ikkje er nemnt som unntak er det forbode å jakte på. I dag er fleire av reglane i viltloven erstatta av tilsvarande reglar i naturmangfaldlova. Jakt på hjortevilt omfattar ikkje oppføring av jakttårn eller liknande.

Camping, teltslaging og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode i reservatet.

Verneforskrifta går føre friluftsløva og allemannsretten ved eventuelle motsetjingar i lovverket. Fordi det er eit område som er verna på grunn av naturen vil naturen prioriterast over friluftsløvsinteresser ved ei eventuell konflikt.

#### *Retningslinjer for friluftsliv*

- Det er lov å sanke bær og matsopp i reservatet
- Fiske er tillate etter gjeldande regelverk
- Jakt på villmink og hjortedyr er lov
- Camping og bruk av telt i reservatet er forbode

## 3.5 Bygningar og tekniske inngrep

### Status

Det er opp gjennom tida gjort fleire inngrep i dei nedre delane av Surna. I dei ytre tidevassonene har det vore teke grus i stort omfang, og det er bygd kai og hamneanlegg i nordre del av det ytste området. Mykje av dei opphavlege strandengene er bygd ut til industri, og idrettsplass og vegar har skore av det meste av strandengene. Alle delområda er i større eller mindre grad pressa av busetnad og jordbruk, mellom anna med rydding av kantskogar og fyllingar i gamle elveløp, dammar og sumpmarker. Slike område er òg noko påverka av tilsig frå jordbruksareal. Utbygging og nydyrking utanfor vil mellom anna kunne påverke bekkar som renn inn i området, både når det gjeld flomtoppar, hastigheit på vatnet og kor mykje jord- og sandpartiklar som blir frakta inn i området. På slutten av 60-talet vart Surna (hovudelva) regulert til kraftproduksjon, og mykje har vorte endra på grunn av dette. Vassføringa er no mykje meir konstant og jamn, og det har mellom anna ført til at elva ikkje grev slik som før, og ikkje legg ho frå seg masse slik som før heller. Vidare har



flaumtoppane vorte sjeldnare, og såleis vil det vere sjeldnare at vatn frå elva trengjer inn i dei gamle elveleiene.

Kraftliner kryssar reservatet i dei to delområda Sæterøya og Ranesevja.

For å beskytte idrettsplassen mot å bli vaska ut av bølgeslag under ekstremvêr, har det blitt lagt ut betongelement på sjøsida av ein jordvold som ligg vest for den nordre fotballbana. Betongelementa skal fjernast. Dette skal gjerast i eit samarbeid med Idrettslaget. Kva for materiale som skal nyttast som erstatning for betongelementa skal avgjerast i ei eiga sak, og vil ikkje bli fastlagt i denne forvaltingsplana. Det same gjeld steinsikring i stranda utanfor bygningane.

Ein turveg på begge sider av Surna er under planlegging. Fleire stader i naturreservatet ligg det allereie landbruksvegar og andre vegar som er i bruk. Desse kan gjerne nyttast som ein del av ei rundløype i bygda. Der det ikkje finns eksisterande vegar kan det ikkje leggest ein sti eller gangveg tvers gjennom reservatet. Gangvegen må i hovudsak gå utanfor, men kan fleire stader bli lagt inntil vernegrensa. Nokre stader kan det vere aktuelt å ta ein avstikkar inn i ein mindre sårbar del av reservatet til eit utkikkspunkt med informasjonstavle. Andre stader vil det vere best at utkikkspunktet er utanfor grensa, både med tanke på forstyrning av fuglelivet og kor ein får best utsikt inn i reservatet. Enkel tilrettelegging som til dømes ein benk kan vere aktuelt på desse punkta. På eigna lokalitet kan det settast opp eit fugletårn. Det er naturleg at fugletårnet får lett tilkomst i frå skulen i bygda. Det kan også vere aktuelt å bygge eit fugletårn i tilknytning til bygningane på idrettsplassen ved Purka. I slike fugletårn må det settast opp informasjonstavle om verneområdet i tillegg til ein plakat med oversikt over fugleartar som kan observerast i området.

### *Rammer og regelverk*

Det er i følge forskrifta ikkje lov å sette opp nye bygningar, anlegg og faste innretningar.

Vidare er det ikkje lov til mellom anna å plassere campingvogner i reservatet, føre fram nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygge vegar, drenere, ta ut masse, planere eller lagre masse, legge nye kloakkleidningar, sleppe ut anna konsentrert forureining eller å dumpe avfall.

Vedlikehald av eksisterande vegar, kraftliner, teleliner eller kablar er lov. Det må søkjast om bruk av motorferdsel til denne type arbeid.

Fylkesmannen kan etter søknad gje løyve til mellom anna bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg.

### *Retningsliner for bygningar og tekniske inngrep*

- Veger, bruer, teleliner og kablar kan vedlikehaldast
- Elveløpet skal restaurerast så vatnet fritt kan flyte opp til øvste høgde under flo og ved flom på Sæterøya
- Elveleiet i Grimsmo skal restaurerast ved å sikre vasstilførsel og ved å opne utløp
- Bygging av fugletårn på Purka og Sæterøya

## 4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

I dette delkapittelet går vi gjennom dei viktigaste forvaltingsoppgåvene i Surna naturreservat. Ulike tiltak er lista opp. Ein tiltakstabell ligg som vedlegg 4.

### 4.1 Oppsyn

#### *Status*

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at vernereglane og vilkåra i eventuelle dispensasjonsvedtak blir etterlevde. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvaret for oppsynet i verneområda i Noreg.

SNO har oppsynsmyndigheta i medhald av lov av 21. juni 1996 om statlig naturoppsyn og politimyndighet etter miljølovene (friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdselslova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og deler av forureiningslova). tillegg til kontrolloppgåvene etter disse lovene skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering, overvaking og dokumentasjon. Mange av disse tiltaka blir gjort i samråd med fylkesmannen og er nærare presentert i denne planen.

#### *Tiltak*

- 1) SNO besøker området årleg, jf. bestillingsdialogen.
- 2) Infotavlene og andre skilt skal haldast i stand til ein kvar tid.

### 4.2 Skjøtsel og restaurering

#### *Status*

Surna naturreservat har i dag eit landskap som er prega av at vassføringa i Surna er endra. Elva grev ikkje slik som før, og ikkje legg ho frå seg masse slik som tidlegare. Flaumtoppane er sjeldnare, og såleis vil det vere sjeldnare at vatn frå elva trengjer inn i dei gamle elveleiene. I det gamle elveløpet på Sæterøya er det i tillegg laga fleire stengsel/fyllingar som hindrar vatnet i å flyte fritt slik det tidlegare har gjort. Her er det gamle elveløpet i sterk attgroing.

I delområdet Grimsmo er endringa i vassføringa påverka av blant anna bekker som er lagt i røyr. Ein av bekkene har fått endra utløpet frå tidlegare å gå ut i det gamle elveleiet nord for kjøpesenteret, til å renne ut i hovudelva. Elveleiet er i tillegg avstengt av ein landbruksveg.

Våtmarksområda i alle delområda er truga av attgroing. I nokre område er det mykje søppel som må ryddast bort.

#### *Mål*

- 1) Reetablere vassføringa slik den var før fyllingane vart lagd i Gammelelva på Sæterøya.
- 2) Reetablere elveleiet på Grimsmo til slik det var før vasstilførselen med bekken vart fjerna og avstengt av landbruksvegen.
- 3) Halde våtmarkssystema opne slik at dei er attraktive som hekke-, raste og overvintringsområde for fugl.
- 4) Halde heile reservatet fritt for framande artar og søppel.

### Retningslinjer

- 1) Alle skjøtsels- og restaureringstiltak skal skje i regi av fylkesmannen og SNO
- 2) Aktive tiltak som krev inngrep i felt bør skje utafør hekketida
- 3) Tilbod om gjennomføring av skjøtsel og restaurering skal om mogleg tilbydast grunneigarane, jf. NML § 47

### Tiltak

- 1) Fylkesmannen skal i samarbeid med eksterne konsulentar utgreie tiltak for å reetablere vassføringa slik den tidlegare har vore i Gammelelva på Sæterøya og i elveleiet på Grimsmo.
- 2) Fylkesmannen er ansvarleg for fjerning av framande artar
- 3) Inngå avtale med lokale organisasjonar (idrettslaget) eller skulen om søppelrydding i området
- 4) Rydding av tilvekst i våtmarkssystema
- 5) Ta vare på kantsona langs vassdrag der det er viktig for verneverdiane

## 4.3 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

### Status

Det er store verdiar knytt til fuglelivet i naturreservatet. Det har ikkje vore systematiske og regelmessige kartleggingar av fuglelivet i regi av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Norsk ornitologiske foreining (NOF) er aktiv i området og har lagt inn mykje verdifulle registreringar i artsobservasjonar.

### Mål

- 1) Registreringar i Surna naturreservat skal gi naudsynt kunnskap for å definere operative bevaringsmål og treffe naudsynte skjøtselstiltak for å nå målsettingane.
- 2) Overvakinga skal gi auka kunnskap om ein når bevaringsmålet.

### Retningslinjer

- 1) Fylkesmannen er ansvarleg for å etablere overvaking av naturkvalitetane i Surna naturreservat, og set arbeidet bort til Statens naturoppsyn, eigna firma eller kompetent organisasjon.
- 2) Resultat av overvakinga skal rapporterast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- 3) Utviklinga og tilstanden til naturkvalitetane skal evaluerast, slik at bevaringsmål kan tilpassast eit betre kunnskapsgrunnlag.

### Tiltak

- 1) Overvake naturkvalitetane kontinuerleg av fylkesmannen og SNO i tråd med bevaringsmåla.
- 2) Kartlegge naturverdiane i Gammelelva før arbeidet med å sikre vassføringa gjennom løpet gjennomførast.
- 3) Kartlegge naturverdiane i det gamle elveløpet på Grimsmo før arbeidet med å endre vasstilsørsel og utløpet gjennomførast.
- 4) Det skal gjennomførast overvaking av vasskvaliteten i Gammelelva på Sæterøya

## 4.4 Informasjon

### Status

Det står i dag informasjonstavler i alle delområde innafor Surna naturreservat, men dei er av eldre årgang. Alle må skiftast ut.

Området på Purka blir brukt av mange, blant anna ornitologar. Surna naturreservat har eit stort potensiale for bruk i undervisning, og ligg i fin gangavstand frå skulen. Fagstoff om Surna naturreservat finst på internett på stader som [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). På [miljostatus.no](http://miljostatus.no) finn ein generell informasjon om våtmarksplanen i Møre og Romsdal. Vi minner om at den vedtekne vernegrensa er merka i terrenget etter kart som følgde vernevedtaket i 1988. På enkelte stader er det manglande samsvar mellom dei nedsette grensemerka og det juridisk bindande vernekartet frå 1988.

### Mål

- 1) Informasjonsplakaten skal til ein kvar tid ha korrekte opplysningar om naturverdiane eller naturkvalitetane.
- 2) Besøkande til området skal få god informasjon om verneverdiane.
- 3) Rydde opp i det manglande samsvaret mellom vernekart og grensemerkinga.

### Retningslinjer

- 1) Informasjonsstavlane utarbeidast av fylkesmannen eller av den han utpeiker til å gjere arbeidet. Det skal alltid kvalitetssikrast av fylkesmannen.
- 2) Det skal vere eit godt samarbeid med andre instansar. Før oppsetting av informasjonsskilt ved fylkesvegen skal det søkjast om godkjenning hos Statens vegvesen.
- 3) Informasjonen skal ikkje medføre auka belastning på naturreservatet

### Tiltak

- 1) Informasjonstavlene skal bli revidert og oppdatert.
- 2) Bandtvangskilt skal settast opp på Purka.
- 3) Bygging av fugletårn på Purka og/eller Sæterøya
- 4) Rydde opp i det manglande samsvaret mellom vernekartet og grensemerkinga.

## 5 SAKSHANDSAMING

### 5.1 Forvaltingsstyresmakt

Ansvaret for forvaltinga av Surna plantefredingsområde involverer følgjande myndigheiter:

- 1) **Miljøverndepartementet (MD)** er øvste styresmakt for miljøforvaltinga i Noreg. Departementet har ansvaret for at den miljøpolitikken Stortinget har vedteke blir gjennomført. MD er overordna myndigheit for forvaltinga av område verna etter naturmangfaldloven.
- 2) **Miljødirektoratet (MID)** er øvste fagstyresmakt for naturvernområde i Noreg og har hovudansvar for forvalting av område verna etter naturmangfaldloven. MID avgjer kven som skal vere forvaltingsstyresmakt for det enkelte verneområde. MID er klageinstans for vedtak som forvaltingsstyresmakta i det enkelte verneområdet har gjort. MID skal også veglede forvaltingsstyresmakta i praktiseringa av verneforskriftene.
- 3) **Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)** er forvaltingsstyresmakt for Surna naturreservat.
- 4) **Surnadal kommune** er styresmakt på fleire av de andre loverka som er relevante innan fredingsområdet, til dømes plan- og bygningslova og motorferdselslova.

### 5.2 Lovverk, føringar og forvalting

#### 5.2.1 Verneforskrifta

Verneforskrifta har som formål å oppretthalde den tilstanden som området var i ved fredingstidspunktet, samt å fremme verneformålet. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt ansvar at verneforskrifta blir forvalta i samsvar med verneformålet. Om noko trugar verneverdiane, er det fylkesmannen sitt ansvar at naudsynte tiltak blir sett i gong. Forvaltinga av verneområdet skal skje med eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking hos både dei daglege brukarane og fylkesmannen. Forvaltingsplanen for Surna naturreservat er planlagt å bli revidert kvart 10. år for å fange opp eventuelle endringar i verneområdet.

Verneforskrifta for Surna naturreservat ligg som vedlegg 1.

#### 5.2.2 Naturmangfaldlova

Den nye naturmangfaldloven tredde i kraft 1.juli 2009 og erstattar den gamle naturvernlova.

I medhald i naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltingsmåla i §§ 4 og 5 skal også trekkast inn i skjønnsutøvinga. Vi viser til vedlegg 2 med naturmangfaldlova.

Prinsippa skal også brukast ved forvalting av eksisterande verneområde, inkludert i forvaltingsplanar. Vi vil nedafor gjennomgå prinsippa som grunnlag for arbeidet med forvaltingsplanen, blant anna ved fastsetting av bevaringsmål og skjøtselstiltak.

Offentlege vedtak som angår naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg, bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar sin utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Vidare skal kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen vektleggast.

I denne forvaltingsplanen for Surna naturreservat er det lagt til grunn eit kunnskapsgrunnlag frå eldre og nyare naturfaglege undersøkingar i området. Kunnskap om historisk bruk er også lagt til grunn i planen, blant anna i samband med vurdering av skjøtselstiltak. Ut frå kunnskapen vi har i dag vil tiltaka ikkje ha negativ innverknad på artane og naturtypene som vi vil ta vare på gjennom vernet. Tvert i mot vil aktive skjøtels- og restaureringstiltak forbetre situasjonen for våtmarksområda i reservatet. Forvaltingsplanen er utarbeida innafor ramma av dei restriksjonar som er satt i verneforskrifta. Vi vurderer det slik at forvaltingsplanen og oppfølging av denne med stor grad av sannsyn vil føre til ein positiv utvikling for artane og naturtypene i området, jf. naturmangfaldloven §§ 4 og 5.

Det vi veit om artane og naturtypene sin utbreiing og økologisk tilstand i denne ska vurderast å vere tilstrekkeleg for å utarbeide denne forvaltingsplanen, og retningslinja om kunnskapsgrunnlaget i § 8 er oppfylt. Førre-var-prinsippet blir tillagt liten vekt i denne saka, jf. naturmangfaldlova § 9.

Forvaltingsplanen gir nærare retningslinjer for aktivitetar som er tillate i naturreservatet innafor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldloven. Vurdering av den enkelte aktivitet i forhold til samla belastning i verneområdet, vil vere relevant ved vurdering av søknader om dispensasjonar frå verneforskrifta. I samband med forvaltingsplanen er det utarbeida nærare bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området. Dette vil gi eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktivitetar i området. Prinsippet i naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er dermed vurdert og tillagt vekt.

Verneforskrifta som forvaltingsplanen bygger på legg vesentlege avgrensningar på korleis tiltak som kan gjerast i området. Dei planlagde tiltaka vurderast til ikkje å ha vesentleg negativ effekt på naturtypar, artar eller økosystem. § 11 i naturmangfaldlova får difor ikkje noko verdi.

Prinsippa i § 12 er relevante. Prinsippet om beste tilgjengelege teknikkar og driftsmetodar vurderast som aktuelt bl.a. i forbindelse med skjøtselstiltak. Prinsippet om beste lokalisering vurderast som relevant i forbindelse med bl.a. handsaming av søknader om dispensasjonar, både når det gjeld spørsmålet om dispensasjon bør gis og eventuelt korleis vilkår som bør settast. Forvaltingsplanen legg opp til skjøtselstiltak som er vurdert å være best mulig tilpassa naturkvalitetane ein ønskjer å ta vare på. Gjennom den overvaking av naturtilstanden som plana legg opp til, vil ein få eit godt grunnlag for å evaluere gjennomførte skjøtselstiltak og ev. foreta korrigeringar både når det gjeld teknikkar/metodar og lokalisering.

### **5.2.3 Forholdet til anna lovverk**

Det strengaste lovverket er gjeldande for området. Det er viktig å merke seg at andre lover og forskrifter gjelder i tillegg til verneforskriftene i områder verna etter naturmangfaldlova, noko som medfører at det kan være behov for å innhente løyve frå f.eks. kommunen. Ved søknader om løyve til motorisert ferdsel vil det i dei fleste tilfelle vere naudsynt med både dispensasjon frå motorferdselslova og frå verneforskrifta, eventuelt § 48 i naturmangfaldlova. Med få unntak vil verneforskrifta ha strengare reglar om bruk og tiltak enn anna lovverk. Det er difor naturleg at ein søknad om dispensasjon først blir handsama av fylkesmannen. Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldloven avgrensar ikkje rådighetsutøvinga utafor verneområdet, ut over at naturmangfaldlova § 49 fastsett at man skal ta omsyn til verneområdet i løyver for tiltak som kan innverknad på verneverdiane.

### 5.2.4 Utgreiing om unntaksreglane i verneforskrifta

I kap. V i forskrifta er det lista opp ulike aktivitetar og tiltak som er unntak frå vernereglane. Det vil seie at dette vil vere tillate utan å søke forvaltingsstyresmakta om løyve. For å sikre ein konsekvent og føreseieleg forvaltning for ulike brukarinteresser vil vi omtale desse nærare. Vi konkretiserer innhaldet i dei tilfelle det kan oppstå tvil om korleis man skal tolke unntaka.

#### Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

- **kap. V punkt 1** Dette punktet omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld heller ikkje øving for dei aktuelle formåla.
- **kap. V punkt 2** stadfester at slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i eller inntil det freda området er tillate. Oppføring av gjerder i samband med desse aktivitetane er derimot søknadspliktig. Unntaket frå vernereglane inkluderer ikkje bruk av kunstgjødsel utafor dyrkamark i reservatet.
- **kap. V punkt 3** stadfester at vedlikehald av grøfteutløp som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, er lov. Forvaltingsstyresmakta skal varslast på førehand. Slik varsling kan skje på telefon eller e-post der det hastar å få gjennomført tiltaket. Normalt bør dette varslast minst ei uke før tiltaket skal startes. Normalt bør slike tiltak skje utanom hekketida. Det er lov å nytte gravemaskin i samsvar med kapittel V pkt.8 til slikt arbeid.
- **kap. V punkt 4** stadfester at vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner er lov. Vedlikehald inneberer å bringe vegane og kraftlinene attende til den standard som var ved vernetidspunktet. Om det skal nyttast motorisert ferdsl til dette arbeidet må det søkjast om løyve hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- **kap. V punkt 5** opnar for sanking av bær og matsopp
- **kap. V punkt 6** opnar for fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid. Medrekna er fiske etter krabbe og hummar, medan det ikkje omfattar sanking av tang og tare.
- **kap. V punkt 7** opnar for bruk av motorbåt.
- **kap. V punkt 8** gir rom for motorferdsl til lands i næringsføremål. Dette vil gjelde jordbrukskøyning som køyning i samband med hogst av ved og tømmer, og evt. bruk av traktor og gravemaskin til grøfterensk.
- **kap. V punkt 9** stadfester at det kan jaktast på villmink og hjortedyr og dertil bruk av hund i samband med jakt, i samsvar med viltlova med forskrifter. Alle andre artar som ikkje er nemnt som unntak er det forbode å jakte på. I dag er fleire av reglane i viltloven erstatta av tilsvarande reglar i naturmangfaldloven. Jakt på hjortevilt omfattar ikkje oppføring av jaktårn eller liknande.
- **kap. V punkt 10** opnar for vedlikehald av eksisterande teleliner/kablar. Om det skal nyttast motorisert ferdsl til dette arbeidet må det søkjast om løyve hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

### 5.2.5 Søknadspliktige aktivitetar og tiltak

I verneforskrifta kap. VI er det nemnt aktivitetar og formål som forvaltingsmyndigheita kan tillate etter søknad. I vurderinga av slike søknader vil det bli lagt vekt på tiltaket sin verknad på verneformålet. Alle dispensasjonar skal vere tidsavgrensa.

- **Kap. VI punkt 1** Fylkesmannen kan blant anna gi løyve til kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike artar eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapt faktorar. Denne regelen kan nyttast for å ta ut introduserte artar som til dømes kanadagås. Den kan ikkje brukast til å heimle uttak av skadegjerande grågås.
- **Kap. VI punkt 2** opnar for etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Om det skal nyttast motorisert ferdsel til dette arbeidet må det søkjast om løyve hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- **Kap. VI punkt 3** gir forvaltingsmynden opning for å tillate fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket, og fjerning av giftplanter som dikesvineblom. Vi kan gi løyve til bruk av kjemiske sprøytemidler etter en konkret vurdering av den enkelte søknad.
- **Kap. VI punkt 4** opnar for kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket. Dette vil særleg gjelde skog som vokser langs vegkanter som hindrer framkommelighet, og inntil dyrket mark, der skogen også tar bort lys og næring fra kulturplantene. Sjå kapittel 3.3 for ulike retningslinjer for tynning av kantskog på Sæterøya, Grimsmo og Ranesevja. Kratt som vokser på beitede strandenger vil kunne påregnes gitt løyve til å tynne/fjerne under dette punktet. Det er også aktuelt å ta ut skog og kratt som ein del av skjøtselen av naturreservatet, Dette vil ikke skje etter denne regelen, men etter naturmangfaldlovens § 47.
- **Kap. VI punkt 5** opnar for bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg, oppføring av gjerde m.m. Dette gjeld både vassforsyning og avløp.

### 5.2.6 Skjøtsel

Kapittel VII i verneforskrifta opnar for at forvaltingsmyndigheten, eller den forvaltingsmyndigheten fastsetter, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med verneformålet. Dette vil kunne gjelde beiting, uttak av utanlandske treslag og uttak av skog og kratt som en del av skjøtselen av naturreservatet, jf. Naturmangfaldlovens si § 47.

### 5.2.7 Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta

Kapittel VIII i verneforskrifta er ein generell dispensasjonsregel. I dag er denne erstatta av § 48 i naturmangfaldloven, jf. §§ 8-12 (sjå vedlegg 2). Frå den opphavlege generelle dispensasjonsregelen i kap. VIII i verneforskrifta er følgjande dispensasjonsformål vidareført i naturmangfaldloven sin § 48:

Forvaltingsmyndigheita kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det naudsynt.

I avveginga mellom andre vesentlege samfunnsinteresser og omsynet til verneområdet skal det særleg leggjast vekt på verneområdet sin verdi for det samla nettverket av verneområde og om eit



tilsvarande verneområde kan etablerast eller utviklast ein annan stad. Tiltakshavaren kan påleggast å bere rimelege kostnader ved ivaretakinga, opprettinga eller utviklinga av eit slikt tilsvarande område.

«*Dispensasjon i særlige tilfeller når det ikke er i strid med formålet med vernet*» gjeld hovudsakleg bagatellmessige inngrep/tiltak eller forstyrningar av forbigåande karakter og som er av stor verdi for søkar og ikkje er i konflikt med verneverdiane. Tiltak som kan redusere eller øydelegge verneverdiane i Surna naturreservat vil ikkje kunne få dispensasjon etter denne regelen.

«*Dispensasjon for arbeid av vesentlig samfunnsmessig verdi*» gjeld for tiltak som ikkje vart vurdert eller var aktuelle på vernetidspunktet. Dispensasjon heimla i dette punktet skal berre gis under heilt særskilte forhold av nasjonal tyding. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg grunnlag for å gi dispensasjon med bakgrunn i denne regelen i saker som berre har lokal eller regional tyding.

### 5.2.8 Retningslinjer for sakshandsaming

Punkta under syner generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Surna naturreservat.

1. Alle søknadar om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal derfor først vurderast etter verneforskrifta før dei eventuelt vert handsama etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje gjerast om av anna lovverk.
3. Nærare retningslinjer for sakshandsaming er gitt under dei enkelte brukarinteresser. Det er viktig at det i all sakshandsaming blir gjort ei samla vurdering i forhold til tiltaket sin verknad på verneverdiane og forholdet til andre brukarinteresser.
4. Klage på vedtak gjort av Fylkesmannen skal behandlast etter reglane i forvaltingsloven. Miljødirektoratet er klageinstans for alle saker etter verneforskrifta. Ei eventuell klage på vedtak skal sendast til Miljødirektoratet via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vurderer om det framkjem nye saksopplysningar som gjer at vedtaket kan gjerast om. Dersom Fylkesmannen opprettheld vedtaket sitt skal klagen sendast til Miljødirektoratet for endelig behandling og vedtak
5. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Surnadal kommune, Miljødirektoratet og Statens naturoppsyn.

## 6 FORVALTINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT

Forvaltingsplanen for Surna naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Vi tar sikte på å gjere dette kvart 10. år. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er behov for det. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse føreligg, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.



Figur 12: To framande artar på Purka som spreier seg raskt og over store område; Lupin til venstre og rynkerose til høgre.  
Foto: Ola Betten.

## 7 REFERANSAR

### Publikasjonar

Direktoratet for naturforvaltning, 2006. Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2.utgave på Internett sommeren 2007.

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning.

Direktoratet for naturforvaltning, 2001. Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv november 2001, rev. Februar 2010

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga 1982. Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga.224 s.

Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Oppland og Norges vassdrags- og energidirektorat, 2010. Skjøtsel av kantvegetasjon.

Gederaas, L., Moen T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – Med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen S. og Skjelseth, S. (red). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Lingaard, A. & Henriksen, S. (red) 2011. Norsk rødliste for naturtyper. Artsdatabanken, Trondheim.

Skog og landskap 2007. Marksslagsstatistikk for Surna naturreservat.

### Nettsteder

Artsdatabanken <http://www.artsdatabanken.no/>

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)  
Lovdata [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no)

Miljødirektoratet [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)

Miljøstatus i Norge [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

Naturbase [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

Skog og landskap [www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no)

## Vedlegg 1 – Verneforskrifta

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet. Endret 28. oktober 1988 nr. 1191.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf § 10 og § 21, § 22 og § 23 er fire våtmarksområde ved utlaupet av Surna i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Surna naturreservat.

I medhald av same lov § 14, jf §§ 21 og 23 er det oppretta eit tilgrensande område med dyrelivsfreding.

II

Reservatet omfattar følgjande område:

### 1. Purka

Dette området omfattar følgjande gnr/bnr:

51/1, 2; 68/24, 39, 53, 54.

Delområdet dekkjer eit areal på ca 540 dekar.

### 2. Sæterøya

Dette området omfattar følgjande gnr/bnr:

49/1, 3, 5, 6, 7, 13, 14, 24, 29, 30, 41; 50/1, 7; 62/6; 63/2; 64/1, 2; 68/1, 3, 4, 6, 8, 13, 23, 37.

Delområdet dekkjer eit areal på ca 260 dekar.

### 3. Grimsmo

Dette området omfattar følgjande gnr/bnr:

36/1; 48/1, 2.

Delområdet dekkjer eit areal på ca 90 dekar.

### 4. Ranesevja

Dette området omfattar følgjande gnr/bnr:

33/5, 6, 7; 35/1, 2, 4.

Delområdet dekkjer eit areal på ca 60 dekar.

I tilknytning til naturreservatet er det og oppretta eit område med fuglelivsfreding. Reservatet er totalt på 950 dekar.

Grensene for reservatet og området med dyrelivsfreding går fram av kart i målestokk 1:5.000 og 1:20.000, datert Miljøverndepartementet oktober 1987. Karta og fredingsføresegnene blir oppbevarte i Surnadal kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

### III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

### IV

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf likevel punkta V - VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.

Nye planteartar må ikkje innførast.

2. Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i viltlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.

Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.

Utsetjing av vilt er ikkje tillate.

3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførselar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel til lands. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode.

Camping, teltslaging og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

5. For området med dyrelivsfreding gjeld følgjande forskrift, jf V, 9 og VI, 1:

Alle fugle- og pattedyrartar, også fuglereir, egg og ungar, er freda mot jakt og fangst, skade og øydelegging av alle slag.

### V

Føresegnene i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
2. Slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i eller inntil det freda området.
3. Vedlikehald av grøfteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
4. Vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner.
5. Sanking av bær og matsopp.
6. Fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid.
7. Bruk av motorbåt.
8. Motorferdsel til lands i næringsføremål.
9. Jakt på villmink og hjortedyr og dertil bruk av hund i samband med jakt, i samsvar med viltlova med forskrifter.

## 10. Vedlikehold av eksisterande teleliner/kablar.

### VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gje løyve til:

1. Kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike artar eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar.
2. Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismar i jordbruket, fjerning av giftplantar.
4. Kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket.
5. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg, oppføring av gjerde m.m.

### VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtelsplan, som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

### VIII

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

### IX

Forvaltninga av fredingsføresegnene er lagt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

### X

Desse fredingsføresegnene trer i kraft straks

## Vedlegg 2 – Naturmangfoldlova

### Nokre viktige reglar i naturmangfoldlova

#### § 4. (forvaltingsmål for naturtyper og økosystemer)

Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig.

#### § 5. (forvaltingsmål for arter)

Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av .

Forvaltingsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.

---

#### § 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltingsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

#### § 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

#### § 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

#### § 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

#### § 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

## **§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)**

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

---

## **§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)**

Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltingsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltingsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

---



### Vedlegg 3- Fugleartar registrert i Surna naturreservat og status på raudlista (henta frå artskart på artsdatabanken)

Bergirisk (nær trua)	Ringdue
Bjørkefink	Rødstilk
Blåmeis	Rødstjert
Bokfink	Sandsvale
Brunnakke	Sanglerke (sårbar)
Brushane (sårbar)	Sandlo
Busksvett	Sangsvane
Dvergfolk	Siland
Egretthegre	Sildemåse
Enkeltbekkasin	Sivhauk (sårbar)
Fiskemåse (nær trua)	Sivhøne (nær trua)
Flaggspett	Sivsanger
Fossekall	Sivspurv
Gluttsnipe	Skjeand (nær trua)
Gransanger	Skjære
Grønnefink	Skogsnipe
Grønnsisik	Snadderand (nær trua)
Grønntilk	Snøspurv
Grågås	Spurvehauk
Gråhegre	Stjertand (nær trua)
Gråsisik	Stjertmeis
Gråspurv	Stokkand
Gråtrost	Storlom (nær trua)
Gulsanger	Sandsvale
Gulspurv	Storspove (nær trua)
Hagesanger	Strandsnipe (nær trua)
Havørn	Stær (nær trua)
Heilo	Svartbak
Hettemåse (nær trua)	Svarthalespove (sterkt trua)
Hønsehauk (nær trua)	Svarttrost
Kaie	Taffeland
Kanadagås (svartelista)	Taksvale
Kjøttmeis	Temmincksnipe
Knekkand (trua)	Tjeld
Kortnebbgås	Toppand
Krikkand	Tornsanger
Kråke	Trane
Kvinand	Trekryper
Laksand	Tårnseiler (nær trua)
Lappspurv	Vaktel (nær trua)
Linerle	Varsler (nær trua)
Løvsanger	Vipe (nær trua)
Låvesvale	Åkerrikse (kritisk trua)
Munk	Nøttekråke
Myrrikse (trua)	Grashoppesanger (sårbar)
Måltrost	Pilfink
Nattergal (nær trua)	Ramn

## Vedlegg 4 – Tabell over planlagde tiltak i Surna naturreservat

Tabell 2: Oversikt over naudsynte tiltak i Surna naturreservat, delområde Purka

<b>Tiltak</b>	<b>Prioritet</b>	<b>Utførende aktør</b>	<b>Merknader</b>
Fjerne framande artar	1	SNO	Rynkerose, lupin og gran
Informasjonsskilt	1	FM	Oppdatere informasjonsskilt. Eige skilt om bandtvang
Grensejustering	1	FM	
Fjerning av betongrestar	1	SNO/Surnadal Idrettslag	Surnadal idrettslag skal delta under heile arbeidsprosessen
Hogst/rydding av tre og kratt	1	SNO	Beite?
Fugletårn	2	FM/lokale organisasjonar/ skular/ Surnadal kommune	I samarbeid med idrettslaget og NOF.
Sjøppelrydding	2	Lokale organisasjonar	Inngå avtale med lokal organisasjon (idrettslaget). Finansiering frå FM.
Kartlegging strandenger	2	Ekstern konsulent	

Tabell 3: Oversikt over naudsynte tiltak i Surna naturreservat, delområde Sæterøya

Tiltak	Prioritet	Utførande aktør	Merknader
Kartlegging	1	FM/ekstern konsulent	Avhengig av tildeling av årlege midlar til FMMR
Utarbeide ein plan for å reetablere vassflyten gjennom heile Gammelelva	1	FM/ekstern konsulent/NVE/Surnadal kommune	Avhengig av tildeling av årlege midlar til FMMR
Hindre attgroing på flommarka	1	SNO/grunneigarar	Rydding av tilvekst og ev. beitetiltak
Grensejustering	1	FM	
Informasjon	2	FM	Oppdatere generelle informasjonsskilt
Fjerne framande artar	2	Grunneigarar	Granfelt, lupin og kjempespringfrø
Prøvetaking av vasskvalitet Smedbekken	2	FM via vassdirektivet	
Fugletårn	2	FM/Surnadal kommune	Må tenke tilkomst frå skulen ved plassering

Tabell 4: Oversikt over naudsynte tiltak i Surna naturreservat, delområde Grimsmo


Tiltak	Prioritet	Utførende aktør	Merknader
Hyre konsulent til utarbeiding av plan for vasstilførsel og utløp for evja	1	FM/NVE/Entreprenør/kommune/kjøpesenter	Avhengig av tildeling av årlege midlar til FMMR.
Sjøppelrydding	1	Kjøpesenteret	Sjøppel skyfla ut frå parkeringsplassen i samband med snøbrøyting
Fjerne framande artar	1	FM/SNO	Platanlønn nedafor kjøpesenteret
Grensejustering	1	FM	
Tynne kantskogen på nordsida av evja	2	Grunneigar	

Tabell 5: Oversikt over naudsynte tiltak i Surna naturreservat, delområde Ranesevja

Tiltak	Prioritet	Utførende aktør	Merknader
Informasjonsskilt	1	SNO	«Surna naturreservat - Dumping av søppel forbudt» Rydde tilvekst foran eksisterende informasjonsskilt. Søke Statens vegvesen om løyve til oppsetting av skilt ved fylkesvegen.
Grensejustering	1	FM	
Sjøppelrydding	1	FM/SNO	Gamalt søppel som er dumpa i vegskråninga



Eksempel på kart



## Vedlegg 6: Sakshandsaming av forvaltingsplanen for Surna naturreservat

### Høyring:

Forvaltingsplanen har vore på høyring til grunneigarar, organisasjonar, næringsaktørar og forvaltingsorgan i tida frå 02.12.2013 til 31.01. 2014. Høyringa er kunngjort i lokalavisene. Det var eit opent informasjonsmøte på Rådhuset på Skei i Surnadal 12.03.2013.

### Det kom to merknader før høyringsutkastet vart laga:

**Liv Grimsmo** (på vegne av 32 grunneigarar innan dyrelivsfredingsområdet og Surna naturreservat) skriv at

- 1) grunneigarane har i årevis vore oppteken av å ta vare på fuglane i området. Ho opplyser om at mange fugleartar som tidlegare var vanlege å sjå, ikkje observeras i området lenger. Grimsmo skriv at området har blitt eit friområde for rev, grevling, mink, kråker, ramn, laksand og gås, som har fått ein kraftig oppblomstring. Grunneigarane meiner at intensjonen med freding ikkje blir oppnådd når eit så stort område er freda for mange predatorar. Forslaget deira er at heile dyrelivsfredingsområdet blir oppheva eller at det vert tillate å jakte utan søknad på nemnte artar, samt at kommunen skal få delegert mynde til å forvalte jakta.
- 2) Våtmarksarealet og kanalane er i ferd med å gro att. Vatnet renn ikkje ut att etter flo og anna tilsig. Medfører at tilstøytande dyrkajord også utanfor naturreservata blir vassjuk. Grunneigarane vil vere med på synfaring og utarbeiding av skjøtselsplan. Vidare vil dei ha lov til å felle tre som er til hinder for jord- og beitebruk utan søknad. Til slutt peiker dei på at forvaltninga av Surna naturreservat har vore mangelfull, tilnærma fråverande, etter at det tredde i kraft.

### Fylkesmannen si vurdering:

Forvaltingsplanen kan ikkje utforme retningslinjer som går ut over det som er heimla i verneforskrifta. Forslaget om å oppheve dyrelivsfredingsområdet eller at det blir tillate å jakte utan søknad på spesifikke artar vil krevje ei forskriftsendring, og vi kan dermed ikkje imøtekomme desse merknadene i forvaltingsplanen. Fylkesmannen har derimot sett i gang ein prosess for å endre forskrifta på dette punktet, slik at reglane for jakt og fangst i dyrelivsfredingsområdet blir forenkla. Denne prosessen er enno ikkje i mål, og ettersom det krev ei endring av forskrifta vil det ta tid.

Attgroing i våtmarksareala og kanalane er omtalt i forvaltingsplanen. Vi har satt opp tiltak for å gjere noko med dette. Vi vil ta kontakt med aktuelle grunneigarar når arbeidet startar.

**Hilde Dørum** etterlyser kunnskap om artane som oppheld seg i reservatet og om endringar i bestandane over tid. Ho meiner det bør lagast ein eigen oversikt over fugleartane for reservatet. Hun er vidare skeptisk for å opne på jakt på predatorar i reservatet utan ein omfattande utgreiing gjort av fagfolk som veit meir om naturen og økosystemet i Surnadal. Dørum foreslår å opprette ein søknadsform for grunneigarar til å kunne foreta høgst på eigen jord. I tillegg ønskjer ho at reservatgrensene blir utvida eller laga eigne reglar for eit større område utafør verneområdet. Til slutt peiker ho på at det trengs meir informasjon til allmennheita om reservatet.

Fylkesmannen si vurdering:

I arbeidet med å utarbeide bevaringsmål i forvaltningsplanen har vi valt ikkje å fokusere på tal på fuglar som observerast i området, men at området sin funksjon som raste, -hekke, og overvintringsplass skal vere attraktiv. Dette vil til dømes vere opning av gamle elveleier som gror att, og halde viktige våtmarksområde opne. Kvart år får vi tildelt midlar frå miljødirektoratet. Dette er ein liten sum i forhold til alle planlagde tiltak i verneområda i fylket. Vi må difor prioritere dei tiltaka som har størst effekt for naturkvalitetane. I Surna er tilrettelegging for fuglane satt føre systematisk kartlegging, sjølv om dette også hadde vore verdifull informasjon. Vi meiner at den informasjonen vi får frå [www.artskart.artsdatabanken.no](http://www.artskart.artsdatabanken.no) er tilstrekkeleg som kunnskapsgrunnlag for å ta gode val for reservatet. Når det gjeld å opprette ein søknadsform for hogst på eigen jord, er dette implementert i plana (sjå vedlegg 5). Endring av reservatgrensene eller å lage egne reglar for eit større område utafor verneområdet har vi ikkje heimel til å gjere i ein forvaltningsplan. Fylkesmannen kan ikkje utforme retningsliner som går ut over det som er heimla i verneforskrifta. Vi vil heller ikkje setje i gang ein prosess for å gjennomføre ei slik grenseendring. Meir og betre informasjon om reservatet er derimot implementert i forvaltningsplana.

Følgjande merknader kom inn medan planframlegget låg på høyring (høyringsfrist 31.01.2014):

**Møre og Romsdal fylkeskommune** har ut frå sine ansvarsområde ikkje merknader til planframlegget.

**Kystverket** har ingen merknader til forvaltningsplanen.

**Statens vegvesen** ser positivt på det arbeid som ligg til grunn for etablering og realisering av forvaltningsplan for Surna naturreservat. Dei minner om at dersom det vert aktuelt med skilting langs fylkesveg må ein sende inn søknad til Statens vegvesen. I tillegg ønskjer dei å bli informert om det skal gjennomførast andre tiltak langs fylkesveg.

**Fylkesmannen si vurdering:**

At det må søkjast Statens vegvesen om løyve før oppsetting av skilt er no lagt inn i tiltakstabellen, samt opplyst om i kapittel 2.4.3 og 4.4.

**Surnadal kommune** er positiv til at det blir utarbeid forvaltningsplan for Surna naturreservat for å oppretthalde og fremme verneformålet. Dei understreker behovet for restaureringstiltak for å hindre attgroing av evjer og våtmark. Dei presiserer at tiltak som skal utførast, til dømes etablering av nye bruer og eventuelt fjerning av masse må skje i nært samarbeid med grunneigarar og kommunen.

Surnadal kommune meiner etablering av ein tursti på kvar side av Surna mellom Øye bru og Øra bru kan bidra positivt for kommunen med tanke på folkehelse/rekreasjon, reiseliv og kanskje trafiksikker tilkomst mellom bustadområda på sørsida av elva og skule-/idrettsområdet på Øye. Kommunen syns det er synd om dei verna områda på Grimsmoen og i Sæterøya skal hindre gode traseløysingar. Dei meiner ein gangsti inntil og eventuelt innafor desse verna våtmarksområda kunne vert ein fordel for begge formåla. Informasjon om verneverdiane på skilt langs gangstien vil auke kunnskapen om naturen og betre forståinga av vernet. Kommunen ønskjer at sitatet frå framlegget «Der det ikkje finns eksisterande vegar kan det ikkje leggast ein sti eller gangveg tvers gjennom reservatet. Rådmannen frykter at denne formuleringa kan hindre ei god traseløysing for gangsti langs Surna og meiner den bør mjukast opp.



**Fylkesmannen si vurdering:**

Vi er einige i at det er viktig med eit nært samarbeid med grunneigarar og Surnadal i prosessen med å utgreie og restaurere vassføringa. Det kjem vi til å prioritere.

Når det gjeld etablering av tursti presiserer vi at vi i høyringsutkastet også har skrive «Gangvegen må i hovudsak gå utanfor, men kan fleire stader bli lagt inntil vernegrensa. Nokre stader kan det vere aktuelt å ta ein avstikkar inn i ein mindre sårbar del av reservatet til eit utkikkspunkt med informasjonstavle». Med denne formuleringa opnar vi for at vegen kan gå innafør om det ikkje trugar verneverdiane i enkelte tilfelle. Men i forhold til denne problemstillinga vil vi i utgangspunktet vere restriktive, og lar formuleringa stå som i høyringsutkastet. Vi blir derimot gjerne med på ein dialog under planlegginga av kor stien kan gå.

**Surnadal idrettskrets** har sendt inn nokre merknader som gjeld delområde Purka. Dei opplyser om at gnr 68 bustad nr 24 og 39 er lagt saman og fått gnr 68 bustad nr 24. Idrettslaget er positiv til at rynkerose og lupin skal fjernast, samt at søppel takast opp som eit aktuelt problem. Idrettslaget vil gjerne vere med på å inngå ein avtale med eit årleg vederlag for rydding. Dei opplyser også om at alle grantrea allereie er fjerna.

Det ligg en samling betongelement på sjøsida av en jordvold som ligger vest for den nordre fotballbana. I teksten på side 25 er det skrive at idrettslaget ønskjer å bygge opp att ein steinkant her som erstatning for betongelementa. Idrettslaget sitt ønske er at det leggast opp steinsikring i stranda utanfor bygningane og har ikkje tenkt å gjere nokre endringar så langt nord som langs volden. Dei stiller spørsmål om kva slags materiale som skal erstatte betongelementa. Idrettslaget reknar med/krev å bli teke med under vidare planlegging av tiltaket.

Surnadal idrettskrets er positive til bygging av fugletårn og ønskjer eit samarbeid i planlegginga.

Til slutt understreker dei at dei må bli kontakta for å gjennomføre synfaring i samband med grensejusteringa.

**Fylkesmannen si vurdering:**

Vi takkar for merknad om eigedomsforhold. Opplysningane er gjort synleg i forvaltingsplana. Når det gjeld søppelrydding, fjerning av betongelement og leiting etter alternativ materiale, samt synfaring i samband med grensejusteringa vil vi kontakte idrettslaget. Det vil vere naturleg å ta ein diskusjon rundt bygging av fugletårn ved same synfaring. Kva slags materiale som skal erstatte betongelementa blir ikkje fastlåst i denne forvaltingsplana, men blir avgjort i ei eiga sak. Det same gjeld for oppføring av steinsikring i stranda utanfor bygningane. Om sikringa er planlagt innafør vernegrensa må det sendast inn ein søknad til oss. Vi har elles lagt inn Surnadal idrettslag som ein medspelar i arbeidet med å fjerne betongelementa i tiltakstabellen. Teksten i kapittel 3.5 er skrive om som ein følge av merknadene som er kommentert over.